

Voss.

Til Norsk Etnologisk gransking.
 Herr. Andreas Flopsid.

Eg har nuppeke skrivet
 Dykkar frå 1 april og skal se godt eg
 kan grunda ut det De spør um.
 Ved å sjå etter i Tvar Olsen si ordbok
 ser eg at han har sett upp dette ordet
 „elte“ som namnord med den tyding: „en liden
 smule.“ Her har vår gode Olsen gjeve
 dette ordet ei feil tyding. Eg vil stå
 fast at ordet „elte“ ikkje kan brukast som
 namnord i nokon av kjønne. Eg skal setja
 upp eit par døme: „Vil du koma a hjelpa meg elte.“
 „Eg har elte smär.“ Dette vil eg rekna som
 godt språkbruk her på Voss, og ordet „elte“
 tyder her litt eller likegrand. Ein kan altså
 ikkje segja t. d. eit „elte“ bokkje som
 namnord eller i samband med namnord.

Meiningi med skavrimet slik eg sende
 det inn, og som De gjer att hult rett,
 vert altså den at almen er svært god,
 kveggen god, raumen mindre god og selja
 dårleg. Så vil eg ikkje påstå at dette
 rimet legg so hult rett mening i godleiken
 av skavet. For almen sitt vedkomande
 står han sikkert i ein Klasse for seg, og
 er den avgjort beste. Dei andre prestagi

bet. 21/5⁵⁵ 2089
 2.50

som er nemnde i rimet, saman med ask
og asp, so vert dei alle brukte til skav,
og eg meiner at berre ein kjemisk analyse
kan avgjera kva som er best av dei
sortane.

Granskje De kan lettare forstå meiningi
i skavrimet slik eg har sendt det, når eg
set det upp seis:

„Almen gjö, beggun fö,
raudn gjer elke, selja svelte.“

Dette ordet „gjer“ som eg no har sett inn
var ikkje med i rimet slik eg høyrde det,
men er medteke her, då det i grunnen
skulde vera der for å gjeva den klåraste
meiningi.

Etter denne utgreidingi meiner eg at
alt det andre som De nemner i skivet
Dykkar fell burt, då det for meg er
fullgod meining å finna i skavrimet
slik eg gav det inn i svaret mitt.
Men eg forstår at det vert heilt
annleis for utanbygds folk.

Sjerningsordet å „elke“ kjemner, og
forstår eg godt, men det er ikkje
brukt her på Voss, og eg ser
heilt burt i frå at det kan
vera nokon samanheng med dette
ordet og ordet „elke“ i skavrimet.

Eg skal til slutt gjeva ein
 prøve på fleire ord som i
 Dalemålet her på Voss tyder innlag
 det same; "slitt", "elte", "litegrand",
 "likevetta." Alle desse ordi segjer
 innlag det same, men ordet "elte"
 er kome meir burt i det siste, noko
 eg også nemnde i svaret inn skar,
 som eg sende inn.

Skulde det vera noko som eg ikkje
 har gjere fullgod greide på, og som
 enno er uklart for Dykk, så står
 eg til tenesta med rettledning
 så langt eg kan.

Værdsamt
 Olav O. Flebe,
 Tvinne, Voss.